



Skjåk Senterparti

Program 2023 - 2027



Gode sambygdingar

Eg er svært takksam for å ha fått tilliten å få vera ordførar i fire år, og vil gjerne arbeide for Skjåk i fire nye år.

Vi har lagt bak oss ei svært spesiell periode i nyare samfunnshistorie. Gjennom pandemi og eit endra verdsbilete med krig nærmare oss, kan norske kommunar vise til at vi leverer tenester og trygge rammer.

I Skjåk står vi støtt og er i mange samanhengar ei solid kommune. Dette mykje takka vera dyktige tilsette, gode kraftressursar og variert næringsliv med god gründerånd.

Det er fleire sterke fagmiljø i Skjåk som det er vel verdt å ta vare på. Det er den menneskelege ressursen som uansett blir den største ressursen vi har å spela på. Vidare har vi eit stort ansvar når det gjeld å ta i vare og

forvalte naturen vår, samt dei verneverdiane og utmarksressursane vi har i kommunen.

Det var fleire som spådde nedgang og økonomisk uro da vi prioriterte 1-10 skule i Bismo, men vi kan framleis vise til ei kommune med sterk likviditet, eit solid næringsfond og aukande buffer i grunnfond næring.

Sjølv om vi er ein solid kommune, vil det vera behov for tøffe prioriteringar framover. Vi har fleire store postar i økonomiplanen, ei aldrande befolkning og mindre i arbeidsfør alder. Dette vil vi merke i heile kommunesektoren. Sjølv med ei aldrande befolkning, er det viktig å satse på barn og unge da dei er framtida vår. Solide tenester og godt nærmiljø er viktigare enn å klatre oppover på kommunebarometeret. Bulyst og attraktivitet med

tilrettelegging for alle aldersgrupper blir eit viktig arbeid framover.

Vi har i inneverande periode vedteke to viktige strategiar; omdøme strategi og næringsstrategi. Desse og andre vedteken planar skal vera verktøyet i det daglege virke og samfunnsliv framover.

Person og posisjon får normalt mykje merksemd i eit kommuneval, men det er programmet og laget som er den store og viktige drivkrafta. Eg er stolt av ei solid og allsidig liste med program for standhaftig, stø kurs for ei solid kommune til det beste for kvar enkelt innbyggjar og samfunnet rundt oss.

Godt val!

Edel Kveen



Sjekkliste frå sist valperiode:

- Tilbod om reguleringstannlege på Otta
- Kontor til barnevernstenesta
- Flaumsikringstiltak
- Sett i gang renoveringa av Skjåkhallen
- Tiltak for miljøarbeid med t.d. ryddeaksjoner og revidering av klima- og miljøplan
- Har styrka lokal legeteneste
- Innført lovnad om full barnehagedekning og garanti om kontorstad
- Prioritert ressursar til god bemanning i oppvekstsektoren for å kome prinsipp om tidleg innsats og ulike behov i møte
- Bygd opp likviditetsreserver og grunnfond næring
- Arbeidd aktivt og kontinuerleg for å halde på desentraliserte tilbod og tenester
- Kjempa kontinuerleg for beitenæringa og problematikken med store rovdyrtap
- Stimulert til innovasjon og trygging av eksisterande verksemder med løyvingar frå næringsfond og bistand frå kommuneadministrasjon
- Arrangert ulike folkemøte for å skape gode demokratiske prosessar

Senterpartiets formålskildring:

§ 1. Formål

Senterpartiet har som mål å legge vilkårene til rette for en harmonisk samfunnsutvikling. Et levende folkestyre, bygget på kristen og nasjonal grunn, er en forutsetning for folkets trivsel og landets fremgang.

Individet og menneskeverdet skal være det sentrale i samfunnet og vises tillit i fellesskapet. De sosiale, kulturelle og økonomiske tiltak fra samfunnets side må ta sikte på å skape vekstvilkår og trivsel for alle uansett bosted eller yrke.



Partiprogram for Skjåk Senterparti 2023-2027

Skjåk Senterparti har utarbeidd eit partiprogram som er bygd opp av seks hovudområde. Desse hovudområda skal gjera Skjåk kommune til ein god, trygg og attraktiv kommune å vera innbyggjar, næringsdrivande, besøkande og tilsett i.

Hovudområda er:

- Bulyst og attraktivitet
- Helse
- Skule og barnehage
- Næringsutvikling
- Miljø, klima og berekraft
- Samferdsel, infrastruktur og beredskap

I valperioden 2023-2026 ynskjer vi å fronte desse fanesakene:

- Ny barnehage i Bismo som prioritert investering
- Bulyst og folketalsutvikling
- Målretta klima- og miljøarbeid

Listekandidatar:

1. Edel Kveen

Fødd: 1972

Bur: Marloskveen

Yrke: Vernepleiar

Brenn for: Næringsliv og mangfald, bygge vidare på dei ressursane vi har både næringsliv, tenester og menneskelege ressurser i eit berekraftig samfunn.

Verv: Ordførar, styremedlem Reinheimen nasjonalparkstyre, styreleiar Breheimen nasjonalparkstyre



2. Kristen Haugen Dagsgard

Fødd: 1992

Bur: Bismo

Yrke: Utmarksrettleiar i Skjåk Almenning.

Brenn for: Gode miljø for barn og unge og bulyst. Landbruk, miljøpolitikk og arealforvaltning.

Verv: Varaordførar og to perioder i kommunestyre.



3. Eli Johanne Lundemo

Fødd: 1957

Bur: Bismo

Yrke:

Brenn for: At Skjåk skal vere ei bra kommune å bu i. Eit mangfoldig næringsliv som følgjer trendane i oppgangstider. Tenestene skal oppfylle pålagde kvalitetskrav og elles vere utforma slik innbyggjarane treng og ønskjer.

Verv: Ny på lista



4. Svein Arne Bøye

Fødd: 1967

Bur: Kåjede, Gjeilosgrend.

Yrke: Lageransvarlig Ottadalen Mølle.

Brenn for: "Blåjos" etaten, utbedring av RV 15, viareutvikle næringslivet på baa sider av fjellet, og at Skjåk skal vera ei trafikksikker kommune.

Verv: Styreverv



5. Roger Haugen

Fødd: 1965

Bur: Nordberg

Yrke: Politi

Brenn for: Trygghet for befolkninga. Trygge oppvekstvilkår og betring av kollektivtrafikken. Styrking av LMS på Otta med meir og betre utstyr for å redusere antall lange reiser til sjukehus.

Verv: Styremedlem



6. Jane Haave

Fødd: 1953

Bur: Hove øvre, Ramstadstrond

Yrke: Var lærer og rådgiver ved videregående opplæring i Innlandet fylkeskommune

Brenn for: Ei levande bygd, og at elevar skal bli kjent med moglegheitene i Skjåk. Dei som buset seg i Skjåk må involverast og inkluderast.

Verv: Styreverv



7. Torgeir Ødegård

Fødd: 1949

Bur: Nordberg

Yrke: Pensjonert lærar.

Brenn for: Utnytte statusen som nasjonalparkkommune, helse og sosialtenester i eigen kommune, barnehagestruktur og ombygging i Bismo

Verv: Vara i kommunestyret



8. Mogunn Synstnes

Fødd: 1962

Bur: Nordberg solside

Yrke: Styrar Bismo barnehage

Brenn for: Folkehelsearbeid, arbeid for å fremje fysisk og psykisk helse. Barns oppvekstvilkår.. Distrikt- og regionalpolitikk som fremmer «bulyst» og motarbeider fråflytting.

Verv: Kommunestyret, Hovudutvalet for miljø og samfunnsutvikling, brukarrådet.



9. Elias Sperstad

Fødd: 1952

Bur: Gamlebyen i Aurmo

Yrke: Aktiv pensjonist

Brenn for: Eit attraktivt sentrum, og at alle må ta ansvar for å fjerne søppel og skrot som ligg slengt rundt omkring. Eit godt omdømme. Bulyst, god informasjon og marknadsføring av bygda er viktig.

Verv: Kommunestyret og leiar for Hovudutvalet for Miljø og samfunnsutvikling



10. Geir Falling

Fødd: 1996

Bur: Bismo

Yrke: Forsikringsrådgjevar

Brenn for: Skjåk! Lokalt sjølvstyre og lokal-demokrati. Etablering av nye arbeidsplassar, og bevare eksisterande. Syrje for at Skjåk er ei attraktiv kommune å bu i. Få ungdomen heimat etter endt utdanning.

Verv: Nestleiar i Skjåk Senterparti og vara i kommunestyret.



11. Trine Sanden

Fødd: 1978

Bur: Bismo

Yrke: Lærar.

Brenn for: Trygge oppvekstvilkår i kommunen. Gode, verdige og trygge levekår for dei eldre Fokus på folkehelsearbeid og førebyggjande folkehelseiltak. . Arbeide for at folk i alle aldrar og med ulik bakgrunn ynskjer, og har moglegheit til å bu i Skjåk.

Verv: Ny på lista



12. Ingulf Brandsarbakken

Fødd: 1952

Bur: I Aurmo byggjefelt

Yrke: Tidlegare kommunerevisor, nå pensjonist

Brenn for: Distriktpolitikk - slik at det blir attraktivt å bu her. Næringsutvikling, det å oppretthalde og utvikle gode og stabile arbeidsplassar ute i distrikta

Verv: Kommunestyret, elderrådet, hook.



13. Anne Marstein

Fødd: 1986

Bur: Bakke, Reppen

Yrke: Sjølvstendig fysioterapeut i Lom. Heime på garden har vi kjøttfe og korn.

Brenn for: Folkehelse og helsefremjande arbeid i alle sektorar. Gode helsetenester nær der folk bur. Levande bygder med folk og dyr på gardane.

Verv: Ny på lista



14. Mads Teigen

Fødd: 1985

Bur: Nordberg

Yrke: Pedagog

Brenn for: Tilrettelegging for aktivitet og aktivitetstilbod. Forvaltning og bevaring av natur.

Verv: Ny på lista



15. Solomiia Bilyk

Fødd: 1990

Bur: Skjåk

Yrke: Kundemedarbeider

Brenn for: Integreringspolitikk, landbruk

Verv: Ny på lista



16. Pål Eiesar

Fødd: 1988

Bur: Skjåk

Yrke: Gardbrukar

Brenn for: Brenn for landbruket og utmarksforvaltning. Det å få til ei forvaltning av utmark som gagnar både landbruket og bevarar naturen.

Verv: Innatt på lista



17. Anna Krogstad

Fødd: 1972

Bur: Skjåk

Yrke: Lærer

Brenn for: Gode oppvekstvilkår for barn og unge. "Tørja" å tenkje innovativt. Oppretthalde og utvikle primærnæringane lokalt, regionalt og nasjonalt.

Verv: Inn att på lista



18. Britt Helene Skoglund

Fødd: 1988

Bur: Nygarden på Melbystrekka

Yrke: Siviløkonom

Brenn for: Ein god, trygg og inkluderande oppvekst. Ein trygg alderdom. Stabile arbeidsplassar og å fremje bulyst i Skjåk. Landbruket, vi må ta vare på matproduksjonen i regionen og jobbe for gode rammevilkår og auka sjølvforsyning.

Verv: Vara i kommunestyret.



19. Ola Løkken


Fødd: 1982

Bur: Nordberg

Yrke: Skogbruksleiar

Brenn for: Liv i distrikta og gode vilkår for primærnæringane. Bærekraftig og framtidsretta næringsutvikling.

Verv: Ny på lista



20. Lily Åmodt

Fødd: 1969

Bur: Jøingslie

Yrke: Helsefagarbeidar

Brenn for: Pleie og omsorg og samferdsel med ny tunnelløysing til riksveg 15

Verv: Vara i helse-, omsorg- og oppvekstutvalet



Bulyst og attraktivitet

Bulyst og godt omdøme blir ei av dei viktigaste sakane vi ynskjer å jobbe for framover. Dette er særst viktig for å snu den negative folketalsutviklinga vi ser og konsekvensane det medfører. Skjåk Senterparti vil jobbe målretta for at alle innbyggjarane i kommunen skal ha eit godt, trygt og aktivt liv. Vi skal vera stolte av å vera Skjåkverar og framprate samfunnet vårt.

Skjåk Senterparti vil:

- Utarbeide og vedta ein strategi for korleis vi skal ta imot, inkludere og involvere dei som vel å flytte til Skjåk. Dette inneber at vi også må arbeide aktivt for å lykkast med omdømmestrategien.
- Styrke informasjonsarbeidet og marknadsføring av Skjåk.
- At kommunen skal arbeide for å førebygge einsemd, blant anna med å sikre sosiale møteplassar i bygda og tilrettelegging for besøksvener.
- Leggje til rette for ei god implementering av oppvekstreformen og lagarbeidet rundt barnet og barnefamiliar.

- Støtte opp om ulike aktivitetar og arrangement etter gjeldande vedtekter for stønadsordningar.
- Opprette ein stillingsheimel som ungdomskontakt. Denne ressursen skal drive målretta barne- og ungdomsarbeid i kommunen.
- Kontinuerleg involvere ungdomsrådet for å forstå kva utfordringar og moglegheiter dei ser i Skjåk.
- Arbeide for å få på plass ein studenthybel til fri leige for praksiselevar og studentar i praksis og opplæring.
- Arbeide aktivt for at vedteken sentrumsplan for Bismo blir gjennomført.
- Bidra til utvikling av Dønfoss som ein viktig lokasjon i Skjåk og gjennomføre eit moglegheitsstudium for området.
- Ta godt imot nye innbyggjarar, med fadderordning og møteplassar.



Friviljugheit, lag og organisasjonar

Vi i Skjåk Senterparti verdset friviljugsentralen og friviljugheit i svært stor grad. Dette er særst viktig for å skape aktivitet for alle grupper, interesser og aldersgrupper i bygda. I Skjåk er det gode tradisjonar for slikt arbeid.

Difor helsar vi dugnadsanda og friviljugheita velkomne med på laget vidare for å gjera Skjåk ei god og attraktiv kommune å bu i også for framtida.

Skjåk Senterparti vil:

- At Skjåk kommune i samarbeid med lag og organisasjonar skal synleggjere og fremje dei ulike tilboda som er i bygda.
- Halde fram med gode vilkår og rammer for idrettslaget og andre lag og organisasjonar. Til trass for renovering av Skjåkhallen skal det framleis vera eit rimeleg aktivitetstilbod for born og unge i Skjåk
- At Skjåk kommune skal synleggjera ulike tilskot og stønadsordningar som lag og organisasjonar kan søkje på. Lag og organisasjonar vil bli oppfordra til å dele og synleggjere erfaringar med tilskotsmidlane. Resultatoppfølging og erfaringsdeling er viktig.

Kultur

Kultur er og blir viktig for blant anna identitetsbygging og for å skape aktivitetar i kommunen. Historikk, tradisjon, litteratur, dans og musikk er døme på kulturområde som vi må ha fokus på også i framtida.

Skjåk Senterparti vil:

- Halde fram med eit godt og tilgjengeleg folkebibliotek som ein viktig kulturformidlar og arena for læring.
- Fremje Skjåk kommune som ein viktig kulturdestinasjon i ein større region.
- Nytte regionale og lokale aktørar for å reklamere for Skjåk som destinasjon.
- Arbeide for å etablere eit nøytralt seremonirom i Skjåk.



Helse

Skjåk Senterparti skal prioritere stabile og gode kommunale helsetenester for innbyggjarane i Skjåk. Desse tenestene skal vera like for alle og nær der ein bur. Helse- og omsorgsplan skal vera grunnlaget for det vidare arbeidet, samt helsefremjande fokus i all kommunal planlegging.

Skjåk Senterparti vil:

- Møte utfordringar med rekruttering av arbeidspersonell ved å lyse ut ledige stillingar så tidleg som mogleg. Det skal primært lysast ut heile og faste stillingar.
- Oppretthalde dagens gode tenestetilbod i heile den kommunale helse- og omsorgstenesta.
- Ha eit sterkt fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid for både fysisk og psykisk helse, samt habilitering og rehabilitering.
- Oppretthalde ein forsterka helsestasjon med helsesjukepleiarar, skulehelseteneste og stabile jordmortenester.
- Ha eit legekontor i Skjåk med stabile tilbod, god legedekning og helsesekretærressurs.

- Arbeide for god refusjonsordning for dei som ikkje kan køyre til legevakt, for eksempel småbarnsforeldre.

Regionalt helsetilbod:

- Styrke LMS på Otta for å desentralisere spesialisthelseteneste med fokus på poliklinisk behandling og godt røntgentilbod. Under mottoet: sentralisere det vi må og desentralisere det vi kan!

Arbeide for eit regionalt heildøgnsstilbod for rus og psykisk helse.



Barnehage, skule og utdanning

Skjåk Senterparti vil arbeide for gode vilkår og forhold for både elevar, barn, foreldre og tilsette i barnehage, skule og kulturskule. Tidleg innsats må prioriterast både i barnehage og skule. Vi vil ha gode opplæringstilbod for framandspråklege med fokus på at alle skal lære å uttrykkje seg norsk skriftleg og munnleg.

I valperioden vil vi prioritere bygging av ny barnehage i Bismo.

Skulehage med dyrking skal vera ein fast del av skuleprogrammet.

Barnehage

Skjåk Senterparti vil:


- Ha god pedagog- og fagarbeidardekning som tilfredsstillar norm og behov.

Vidareføre tilbodet om full barnehagedekning, med barnehagegaranti i kommunen.

- Realisere den vedtekne barnehagestrukturen med avdeling i Bismo og Dønfoss.
- Vektlegge tidleg innsats og førebyggjande arbeid, jamfør oppvekstreformen.

Skule

Skjåk Senterparti vil:

- Ha god pedagog- og fagarbeidardekning for alle.
 - Sikre tilpassa opplæring for å ivareta gode læringsmiljø og meistring.
 - Ha nulltoleranse for mobbing og halde fram med MOT (mot til å ta eigne val).
 - Vektlegge tidleg innsats og førebyggjande arbeid, jamfør oppvekstreformen.
 - Å i enda større grad ta i bruk næringslivet i Skjåk for å utvikle evner og kompetanse hjå elevane. Særleg knytt til arbeidslivsfaget.
 - Halde fram med ei form for kantinedrift for ungdomsskulen og greie ut ulike alternativ for ei framtidig stabil driftsform.
 - Oppretthalde vidaregåande skule i Lom med dagens retningsval. Den vidaregåande skulen med sine avdelingar er svært viktig for regionen vår.
 - Oppretthalde vidaregåande skule i Lom med dagens retningsval. Den vidaregåande skulen med sine avdelingar er svært viktig for regionen vår.
 - At Skjåk kommune skal vera ein organisasjon som tek imot læringar og studentar i opplæring og praksis.
 - At elevane etter fullført grunnskule i Skjåk skal sitja att med god lokalkunnskap om bygda.
- 

Kulturskulen

Skjåk Senterparti vil:

- Oppretthalde eit godt og breitt tilbod ved kulturskulen i Skjåk og Lom, som treff ulike evner og interesser innanfor kultur. Dette er særst viktig for identitetsbygging og utvikling for dei unge.
- Nytte kulturskulen som ein del av oppvekstreformen.
- Fortsatt fokus på mangfold og fordjupning.



Næringsutvikling

Næringsutvikling er heilt naudsynt for å oppretthalde og stabilisere busetnaden i Skjåk kommune. Derfor blir det ei viktig og nødvendig oppgåve å støtte opp om dette arbeidet gjennom å aktivt bruke vedteken næringsstrategi, omdøme strategi og andre utarbeidde planer.

Skjåk Senterparti vil:

- Føre ein næringspolitikk som tryggjar eksisterande verksemder og arbeidsplassar, men som også fremjar nyetablering og inovasjon.
- At kommunen saman med næringslivet gjer seg attraktive for studentar på høgskular og universitet. Oppgåver/case til studentar.
- Få til ein fast næringslivsdag kvart år i desember månad med fokus på erfaringsdeling og rekruttering; Invitere deltakarar frå arbeids- og næringsliv saman med elever frå 10.trinn slik at ein blir kjend med behovet for kompetanse og utdanning i arbeids- og næringslivet i Skjåk.

- At elevar frå Skjåk, som deltek i elevbedrifter ved Nord Gudbrandsdal vidaregåande skule, blir oppfordra til å dele sine erfaringar med oppstart av elevbedrift denne dagen.
- Ha eit lokalt næringskontor som gjev råd og hjelp til eksisterande og nye verksemdar i Skjåk.
- Revidere næringsfondsvedtektene slik at dei blir oppdaterte for tida vi er i, og gjeldande for den politikken vi ynskjer å utøve. Dette inneber blant anna justering av satsar for landbruket som har vore uendra i ei lang periode. Vi ynskjer også å sjå næringsfondsvedtektene meir i tråd med bio- og sirkulærøkonomi, berekraftige løysingar og miljømessige næringstiltak.
- Oppretthalde eit robust og fagleg sterkt landbrukskontor, som yter gode tenester til næringsdrivande innanfor landbruk.
- Leggje til rette for fleire avløyssarar/avløsting i landbruket, oversikt over til ein kvar tid tilgjengelege ressursar. Avløyssarkurs.
- Stimulere til meir småskalaproduksjon og lokalproduksjon av ressursar som kan produserast og dyrkast i Skjåk. Vi vil arbeide for å få til ordningar der næringsdrivande kan få økonomisk stønad for å gjera slike investeringar og tiltak.



Næringsutvikling

- Arbeide for å støtte opp om fagmiljø som er særlegne for Skjåk kommune, til dømes korndyrking, husdyrhald, matforedling og industri. Desse må ivaretakast og vidareutviklast.
- Å ha ein restriktiv politikk for bu- og driveplikt når det gjeld gardsbruk i Skjåk.
- Verdsetje og arbeide for gode rammevilkår for landbruket . Vi skal kjempe for at dei små og mellomstore bruka skal prioriterast på nasjonalt plan.
- Behalde ordninga med etablerarstipend for å stimulere til gründerverksemd.
- Stimulere til vekst og utvikling av reiseliv i kommunen som ikkje kjem i direkte konflikt med verna og sårbare område og arter.
- Til ei kvar tid ha tilgjengeleg næringsareal i kommunen. I forkant av etableringar skal det vera grundige politiske prosessar der aktuelle problemstillingar blir vurderte.

- At Skjåk kommune også i framtida skal ha sikra råderett over kraftrettane. Eventuell fusjon av Skjåk Energi utanom vasskrafta blir vurdert etter resultat av forprosessen som er under arbeid. Målet med prosessen er å oppnå best mogleg resultat og vilkår for Skjåk kommune og våre innbyggjarar, noverande og framtidige tilsette i selskapa. Viktige sjekkpunkt i arbeidet blir; økonomi, arbeidsplassar, kompetanse, krav frå styresmaktene, teknologisk utvikling, nettleige og straumpris, lokalsamfunn og samfunnsrekneskapen, beredskap, lokale tenester og lokalt sjølvstyre. Kva er til det beste for Skjåksamfunnet?



Klima, miljø og berekraft

Dette er område vi verkeleg må ta på alvor for å sikre framtidige ressursgrunnlag, balanse og liv på jordkloda. Vi må handle lokalt for at det skal verke globalt. Skjåk Senterparti vil fyrst og fremst utøve ein politikk som er i samråd med gjeldande klima, miljø og energiplan for kommunen.

Skjåk Senterparti vil:

- At kommunen som innkjøpar har stort fokus på miljø og berekraft.

Arbeide for å halde naturen rein, særleg med vekt på reinare elver og elvebreidder. Vi vil minimum annakvart

- år gjennomføre ei «miljøveke» og eit miljøprosjekt der alle tek eit tak for å rydde bygda vår. Skjåk kommune skal vera ein pådrivar for dette.
- Stimulere til og sikre beitebruk. Dette for å hindre attgroing og sikre biologisk mangfald for framtida.
- At kommunal sektor skal ha mest mogleg fokus på sirkulære løysingar og bruk av berekraftige ressursar.

- At Skjåk kommune skal informere godt om klima og miljø.

At vern og berekraftig bruk skal ha ei god balanse. Det blir viktig å

- arbeide for å sikre lokal forvaltning av verneområda våre.
- Samarbeide tettare med NGR for å finne gode løysingar.
- Innføre støtteordning til lag, organisasjonar og skuleklassar som utfører miljøtiltak som er i tråd med naturopplevingsprosjektet i omdømmestrategien.
- At eldre, kommunale biler skal utfasast. Kommunale arbeidsbilar skal vera miljøvenlege og sikre, men av enklare standard.



Samferdsel og infrastruktur

Utvikling innanfor samferdsel og infrastruktur er viktige satsingsområde for å gjera Skjåk tilgjengeleg, sikker og attraktiv. Regionalt samarbeid om samferdsel blir viktig for å nå fram med store investeringar og tiltak.

Skjåk Senterparti vil:

- Halde oppe trykket for ei ny tunnelloysing mellom Skjåk, Geiranger og Stryn, og Vi må kjempe vidare for at dette skal prioriterast i neste nasjonale transportplan.
- Strekningsvis opprustning av Rv15 og fylkesvegane.
- Arbeide vidare for å byggje ut dei planlagde gang- og sykkelvegane i bygda.
- Arbeide for rasoverbygg ved Knutstuggugrove.
- Kjempe for betringar i kollektivtransporten, blant anna med betre korrespondanse mellom buss- og togavgangar, samt fleire avgangar.
- Presse på for å få fullført E6 Ringebu - Otta

Beredskap

Beredskap er eit naudsynt område som vi må kjempe politisk for i åra som kjem. Dette er heilt avgjerande tenester for å sikre busetnad og tryggleik til alle innbyggjarane våre. Vi skal kjempe for nære prehospitale tenester, eit solid brannvesen og nærpoliti i Lom og Skjåk.

Skjåk Senterparti vil:

- Ha nærpoliti med tenestestad i Lom med dagens nivå som eit minimum. Vi skal kjempe for å oppretthalde tenestetilbod og bemanna kontor på tenestestad. Dette er særst viktig blant anna for førebyggjande arbeid.
- Ha god ambulansedekning med kort responstid (25 min) som gjev tryggleik for befolkninga. Behalde ordninga med minimum to døgnbilar i Lom og luftambulanse på Dombås.
- Oppretthalde det gode lokale brannvesenet som vi har i dag, og arbeide for at auka statlege oppgåver skal vera fullfinansierte.
- Halde på Røde Kors som ein viktig del av den kommunal beredskapen. Vi vil arbeide for å få på plass nye lokal til Røde Kors.



Avsluttande ord

Overordna skal vi arbeide ut i frå vedteken planstrategi som skal evaluerast ein gong kvar valperiode. Ved neste revidering er det viktig å setje fokus på ein handlingsplan for busituasjon i kommunen og utvikling av området rundt Dønfoss.

Vedtekne planar skal nyttast som reiskap og vera rettesnorer både for politikarar og administrasjon.



